



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 7.800. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimelessig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

## Prosjektlear - 100% fast stilling

### Stillingsinformasjon

Ved tenesteområdet Plan, utbygging og kommunalteknikk er det ledig fast stilling som prosjektlear. Prosjektleiar vil inngå i eit team med tre andre prosjektrådgjevarar/prosjektlearar, som handterer store og små investerings- og utbyggingsoppgåver i kommunen. Eksempelvis utbygging av veg-, vatn- og avlaupsnett, trafikkisikringstiltak, ulike driftsbygningar, kulturbygg, skular, sjukeheim, barnehagar.

### Arbeidsplass

Tenesteområdet omfattar om lag 44 tilsette, der 20 medarbeidarar har oppgåver knytt til saksbehandling, utbygging og forvaltning innan kommunen sine tekniske tenester: utbygging og forvaltning av kommunale bygningar og kommunaltekniske anlegg, offentlege og private planar, byggesaker, kart og GIS-tenester, oppmåling, miljø, landbruk og kommunal eigedom. Avdelinga praktiserer eit omfattande tverrfagleg samarbeid, og er aktiv i interkommunale faglege nettverk. Det er gjort vedtak om kommunesmanslåing med Radøy og Lindås frå 2020, noko som vil forsterke eit allereie robust fagmiljø i regionen.

Meland kommune er i sterk utvikling. Eit aktivt næringsliv og gode kommunikasjonar til Bergen med snøggbåt, ekspressbuss og E39, gjer kommunen svært populær som bustadkommune.

### Arbeidsoppgåver

Oppgåvene omfattar prosjektansvar for m.a. planlegging og oppfølging av ulike prosjekt innan bygg og anlegg. Arbeidet omfattar prosjektplanlegging, budsjettering, økonomistyring, utlysing, saksbehandling, rapportering og kontroll. Oppgåvene skal utførast i tråd med regelverket for offentlege anskaffingar, entrepriserett, kontraktsstandardar, hms-krav og kommunen sine eigne budsjett- og prosjektrutar.

### Kvalifikasjonskrav

Vi søker deg som har relevant utdanning innan ingeniørfag - bygg og anlegg, helst på masternivå, minimum på bachelornivå. Anna utdanning på master- eller bachelornivå i kombinasjon med relevant erfaring kan vurderast.

Vi vil legge vekt på at den som får stillinga

- Har relevant erfaring innan prosjektleiing
- Har solid kjennskap til regelverket innan offentlege anskaffingar og kontraktsrett
- Har positiv tilnærming til oppgåvene
- Har god skriftleg og munnleg framstillingsevne
- Handterer elektronisk saksbehandlingsverktøy og digitale planverktøy
- Tek ansvar og kan arbeide sjølvstendig
- Likar å samarbeide
- Arbeider effektivt
- Likar publikumskontakt
- Legg vekt på god service
- Har gode referansar
- Er lojal

### Vi tilbyr

Interessante oppgåver.  
Godt og tverrfagleg arbeidsmiljø.

Løn etter gjeldande tariffavtale.  
God pensjonsordning og fleksibel arbeidstid.

### Søknad vert å sende

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Søknadsfrist 07.08.2017

Utløst dato 27.06.2017

Vårref

685/17

### Kontaktperson

Berit M Eskeland, Prosjektrådgjevar, tlf: 56171168, mobil: 45445602, Berit.eskeland@meland.kommune.no  
Anny Bastesen, Sektorsjef teknisk, mobil: 40038893, anny.bastesen@meland.kommune.no